

**Gran Canaria med Puerto Rico-området er eit svært populært reisemål for tida.**

**Berre innan dei to siste vekene har nær på 20 frå Uskedalen lagt haustferien til den mest profilerte øya i gruppa Kanariøyane.**

Av totalt reisande frå Kvinnherad er talet godt over 50 kvar veke.

Kvar laurdag er det heile 3 flyavgangar frå Haugesund til Las Palmas. Trafikken frå Stavanger og Bergen er langt større.

Av reisande frå Kvinnherad finn vi tre grupper.

- \* Dei som bur fast i eiga leilegheit og for eit lengre opphald
- \* Dei som leiger leilegheit for 2 - 3 månader
- \* Dei som reiser charter for ei eller to veker

Reisemålet er Puerto Rico og område Amadores, Playa del Cura, Mogan og Arguineguin. I den siste byen finn vi norsk sjømannskyrkje, norsk skule og Den norsk klubb. Her samlast mange nordmenn til sosiale og kulturelle tilskipingar.

Mange er med i eit stort og omfattande frivillig arbeid i kyrkja og den norske klubben. Kyrkja og skulen har ein viktig sosial og humanitær rolle for eigne borgarar, men og for fastbuande i ei vanskeleg tid for Spania.

Kvar dag i veka er det guida turar til ulike temabaserte turmål på øya. Turen går ofte til den største byen, Las Palmas, hamnebyen med flott strandpromenade og ei imponerende småbåthamn. Klima er sommarleg heile året. Til tider kan sterk vind og mykje nedbør gjera store skader.

Tekst: Kristian Olav Bringedal